

Kven vil driva festivalcamp?

22.06.2009

**Kven vil driva festivalkampen under Festidalen?**

Det spør Kathrine Haugland (telefon 40 44 47 58 eller Kathrine@festidalen.no) i samband med at det nærmar seg Festidalen 2009.

Den går av stabelen 31. juli og 1. august på det same jordet der den er halde tidlegare.

I samband med festivalen har Festidalen fått sett av eit område til festivalcamp. Det er det same området (Dønhaug si tidlegare ridebane) som og vart nytta i 2007. Då vart oppleget ein stor suksess med mange besökjande og god stemning.

Kathrine ønskjer å koma i kontakt med eit lag eller ein organisasjon som kan ta på seg denne oppgåva. Det er eit godt potensiale til å tene ein god slump pengar - 100 kroner per natt for ein gjest. Grunnen til at Festidalen vel å settja bort denne oppgåva er at dei ikkje har kapasitet til å gjennomføra ho sjølv.

- Kva går drifta ut på?
- Den går ut på å tilretteleggja området for camping, vakthald, rydding i etterkant og oversikt over gjestane, seier Kathrine Haugland.

Ho minnar om at årets festival rettar seg mot eit breiare publikum enn før - både unge og voksne, kvinnheringar og folk frå nabokommunane, utflytte og potensielle tilflyttarer.

Festidalen går føre seg i Uskedalen, men skal vera heile Kvinnherad sin festival.

Av Ola Matti Mathisen